

ULLENSVANG KRF

Det som verkeleg betyr noko

8. OKTOBER la FN fram ein ny rapport som slo fast at klimændringane allereie har gitt store skader på livet på jorda. På klimakonferansen i Paris sette ein seg som mål å halda klimapoppvarminga under 1,5 °C. Samtidig seier FN-rapporten at skadane ved ei global oppvarming til 2 °C truleg vil vera meir alvorlege enn ein har trudd.

I EIN kommentar til den nye FN-rapporten seier direktør Tore Furevik ved Bjerknessenteret for klimaforskning til forskning.no: (<https://forskning.no/miljopolitikk-naturvern-klima/fns-klimarapport-om-15-gradersmalet--det-er-viktig-a-ha-et-mal-selv-om-svaert-fa-tror-at-det-er-mulig-a-na-det/1247278>) «1,5 er teoretisk mulig, men jeg vil si det er praktisk umulig. To grader er nok i praksis også veldig lite sannsynlig. Det krever også en ekstremt rask nedgang i utslipene, og det er vanskelig å se at skal kunne gå fort nok».

UANSETT ER det ingen grunn til å venta med å handla, og om me likevel skal nå prøva å nå desse måla, må me tenka nytt og handla raskt i alle deler av samfunnet: Hos vanlige folk, politikarar, finansbransje, industri og hos dei som utviklar ny teknologi - i byane og i bygdene, og i KrF. Endringane verda må gjera er av ein karakter som menneskeslekta aldri før har sett maken til. Omfanget er enormt og tempoet må vere raskt.

IFYLGJE den nye rapporten må verda halvere klimagassutslippa (kutta 45 prosent) i løpet av



KLIMA: Klimautfordringane kan me ikkje løysa som enkeltmenneske, eller som land, skriv Åsmund Aarvik.

ILLUSTRASJONSFOTO: EIVIND DAHLE SJÅSTAD

dei neste ti åra, samanlikna med utsleppa me hadde i 2010. Rundt år 2050 kan ikkje verda sleppa ut CO2 i det hele. Det er gjort ein del bra klimaarbeid i Noreg og det har endra dei nasjonale CO2 utsleppa litt. I 2017 gjekk utsleppa ned med 1,7%. Det er langt frå nok.

KVA MÅ til? Ei samlingsregjering av alle partia på stortinget hadde kanskje vore det rette? At ein la andre stridsspørsmål til sides for å prøva og setja ein ny retning på det norske samfunnet i tråd med signala frå FN-rapporten.

NÅR KRF no er i gang med å velje kva parti dei skal samar-

beida med, er det nokre moment eg meiner bør vera avgjerande. Nokon parti satsar berre på gulrøter i klimakampen. Gulrøter er veldig bra, me har fått til ein del med å leggja til rette for at me som forbrukarar skal gjera gode val, som me ser i det auka el-bilsalet. Gulrøter er ikkje nok, me skal ned 50%, på 10-12 år. Me er også nøydd til å ta i bruk reguleringar, skattar, avgifter, pålegg og forbod. Me må samarbeida med parti som er villige til å ta i bruk alle dei verktøya me har tilgang til i vårt politiske system.

MANGE MENNESKE i Noreg ventar på at politikarane skal gå føre og visa veg. Men slike om-

stillingar vil ikkje berre vera populære. Det vil koma protestar, det vil vera grupper som er ueinige og misnøgde. Då må me samarbeida med parti som ikkje spelar på lag med dei som til ei kvar tid ikkje er nøygde, parti som er villige til å setja grenser for individet sin fridom som forbrukar, og som er villige til å setja inn store ressursar på å finna nye løysingar for at me skal nå måla våre.

KLIMAUTFORDRINGANE KAN me ikkje løysa som enkeltmenneske, eller som land. Me må bruka all vår energi på finna gode samarbeidspartnarar, lokalt nasjonalt og globalt. Samarbeidspartnarar som er villige

til å forplikta seg for denne største utfordringa me som menneskeslekt nokon gong har stått framfor. Me har ikkje tid til å venta på at andre skal gå føre. Me må handla no og håpa at det gjer det lett for andre å fylgja etter.

EG TRUR rådet Knut Arid Hareide har gitt KrF er det som no gir best rom for å få til ein ny og offensiv klimapolitikk. Kampen for å redusera global oppvarming bør vera den viktigaste saka for alle.

Åsmund Aarvik
leiar i Ullensvang KrF

POLITI

Politiet er på rett veg

SJU MÅNADER etter omorganiseringa i Vest politidistrikt er det framleis mykje som står att for å nå dei ambisiøse måla i nærpolitireforma. Men vi er på rett veg.

VAKSDAL-ORDFØRER EIRIK Haga spør i Hardanger Folkeblad 22. august om politiet held løfta i nærpolitireforma. Sju månader etter omorganiseringa er løypemeldinga frå Vest politidistrikt at vi er på god veg, men vi har framleis eit stykke å gå.

AMBISJONANE I nærpolitireforma er mange og høge. Kanskje for høge, sett i forhold til ressursane politiet sitter på. Og i alle fall for høge til å kunne kvittera dei ut allereie no. Vi kan sjølv sagt ønskje oss meir ressursar. Det ville løyst mange utfordringar. Spesielt på dei stadene i politidistriktet kor bemanninga er for låg i forhold til våre behov og innbyggjaranes

forventningar. Vi må også ha sterke fagmiljø på ei rekkje område i felles einingar som dekkjer heile politidistriktet. Også her opplever vi ressursutfordringar i forhold til ambisjonane. Politiet må alltid prioritere sine ressursar og eg veit at det er vanskeleg for samvitsfulle og hardtarbeidande medarbeidarar å oppleve at vi ikkje alltid strekker til. Og signala frå regjeringa er at det blir enda trongare i åra som kjem.

NÆRPOLITIREFORMA ER ikkje årsaka til ressursutfordringane. Reforma er heller ikkje åleine løysinga som vil gi oss meir kapasitet. Den er derimot ein etterlengta kvalitetsreform som skal gjere politiet betre i stand til å sikre tryggleiken til innbyggjarane i framtida.

SJØLV OM vi framleis er i startgropa, ser eg at endringane byrjar å virke. 1300 dedikerte polititilsette i Vest politidistrikt skal ha mykje av æra for det. Mellom anna syner ei fersk gjennomgang at vi leverer mykje betre og likare tenester frå våre politipatruljer no samanlikna med for to år sidan. Ny teknologi, økt kompetanse og ny ar-

beidsmetodikk gjer politipatruljane i betre stand til å få etterforskinga på rett spor med god kvalitet frå første stund.

SAMSTUNDES FÅR politipatruljane betre oppfølging frå ein meir profesjonell operasjonssentral. Patruljane melder at kvaliteten på operasjonssentralen er blitt merkbar betre. I snitt handsamer vi om lag 250 hendingar dagleg og har få klager. Vi har i periodar utfordringar med å svare innringjarar som ikkje er i naud og fleire redaksjonar vore misnøgde med tilgangen til operasjonssentralen når ting skjer. Det er forståeleg og vi jobbar med å betre informasjonsflyten til media.

VI SER også effekten av vårt nye felles straffesaksinntak der juristar og etterforsningsleiarar skal støtte patruljane når dei er ute. Eininga skal også ferdigstille og avgjerda flest moglege saker slik at etterforskarar i dei geografiske einingane får betre tid til dei prioriterte sakene. Vi ser allereie gevinstar på kvaliteten i etterforsningsarbeidet og at sakene blir gitt riktig prioritet frå starten.

FØREBYGGING SKAL ligge i botn for alt vi gjer og gjennom reforma jobbar vi med å utvikle og profesjonalisera denne metodikken. Men politiet kan ikkje skape tryggleik i samfunnet åleine. Gjennom reforma har vi fått på plass politikontaktar i alle politidistriktets 54 kommunar. Dei er allereie i gang med møter i dei lokale Politiråda. Her møtast kommuneleiinga og politikontakten for å diskutere utfordringar og bli einige om tiltak. Eg får rapportar om godt lokalt samarbeid frå heile politidistriktet.

FLEIRE KOMMUNAR har gitt uttrykk for at dei ønskjer seg meir politifysisk til stades i lokalt. Det er forståeleg og sjølv om vi mange plassar har fått større og meir robuste tenestestader, er eg ikkje nøygd med bemanningssituasjonen fleire stader. Samstundes må politiet endra seg i takt med utviklinga og vera tilstade der kriminaliteten skjer.

INNBYGGJARUNDERSØKINGA FRÅ 2017 syner at nettsvindelen for første gong er den hendinga flest er uroa for. Ikkje utan grunn. Vi ser ei sterk auke

innan område som identitetstjuveri, svindel og nettrelaterte overgrep mot barn og unge. Dette er kriminalitet som skjer på nettet over alt. Difor er vi i full gang med å byggje opp Vest politidistrikts nærvær på internett. I tillegg til å ha sterke fagmiljø på digital kriminalitet, vil vi før nyttår opprette vår første lokale nettpatrulje og vi skal satse meir på dialog med folk på sosiale medium. I åra som kjem vil kanskje nettsatsinga vår bli det verkelege nærpolitiet.

DETTE ER berre noko av alt vi jobbar med no. Eg meiner at Vest politidistrikt så langt har halde mange av løfta i nærpolitireforma. Vi har ikkje lukkast med alt etter starten av ny organisasjon i mars og mykje er framleis i startgropa. Ressurssituasjonen gjer det utfordrande, men meir ressursar vil ikkje åleine bøta på dei kriminalitetsutfordringane vi står overfor. Politiet må endra seg og vi er på god veg.

Kaare Songstad
Politimeister